Voss herad

| | |
|---|---|
| Vår ref. | 26/286 - 92 |
| Saksbehandlar | Karianne Finne |
| Dato | 23.02.2026 |

# Saksframlegg

## Tildeling frå Kraftfondet 2026

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 05/26 | Kraftfond | 17.03.2026 |

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Kraftfondet løyver 3 600 000 kroner til tiltak i 2026.
2. Midlane vert fordelt slik:

| Sak # | SNU | Namn | Innstilling |
|---|---|---|---|
| 26/286-3 | Sauehald | Sausjord gard | 12 000 |
| 26/286-8 | Sauehald | Eivind Lorentzen Djønne | 12 000 |
| 26/286-12 | Sauehald | Kvarme Stig Øyvind | 150 000 |
| 26/286-29 | Sauehald | Grindeland Bygg | 12 000 |
| 26/286-32 | Sauehald | Rode gard | 75 000 |
| 26/286-50 | Sauehald | Brekketeigen gard v/ Endre Berge | 75 000 |
| 26/286-55 | Sauehald | HMS Sundsvoll | 25 000 |
| 26/286-58 | Sauehald | Mette Tvedt | 50 000 |
| 26/286-75 | Sauehald | Bjørg Lirhus Ree | 12 000 |
| 26/286-91 | Sauehald | Stalheimsøy gard Gard Roald Jordalen | 12 000 |
| 26/286-14 | Biorest | Kristian Tøn | 150 000 |
| 26/286-30 | Biorest | Ole Draugsvoll | 150 000 |
| 26/286-48 | Biorest | Bøjaloftet Samdrift DA | 150 000 |
| 26/286-53 | Biorest | Ole Petter Flage | 150 000 |
| 26/286-67 | Biorest | Lars Selheim | 300 000 |
| 26/286-7 | Lausdrift | Grove gard | 200 000 |
| 26/286-20 | Lausdrift | Rode Gard | 200 000 |
| 26/286-24 | Lausdrift | Stig Anders Hauge | 100 000 |
| 26/286-31 | Lausdrift | Øyvind T Berge | 200 000 |
| 26/286-34 | Lausdrift | Rode Espen | 100 000 |
| 26/286-37 | Lausdrift | Ingvar Herre | 150 000 |
| 26/286-33 | Geit | Olve Nestaas Ruud | 5 000 |
| 26/286-16 | Reiseliv | Hardanger og Voss Næringshage | 200 000 |
| 26/286-50 | Reiseliv | Øyeflaten Aktivitetar | 25 000 |
| 26/286-52 | Reiseliv | Jordalen Utmarkslag | 25 000 |
| 26/286-71 | Reiseliv | Torget mat og vin | 25 000 |
| 26/286-69 | Reiseliv | Wild Voss AS | 25 000 |
| 26/286-88 | Reiseliv | Anders Flatlandsmo Marknadshage | 25 000 |
| 26/286-74 | Reiseliv | Slethaug Aktiv | 25 000 |
| 26/286-77 | Reiseliv | Nærøyfjorden Verdsarvpark sti | 25 000 |
| 26/286-80 | Reiseliv | Klyv AS | 25 000 |
| 26/286-81 | Reiseliv | Outdoor Norway AS | 25 000 |
| 26/286-84 | Reiseliv | Stiftelsen Ole Bull Akademiet | 25 000 |
| 26/286-85 | Reiseliv | Matauk AS | 25 000 |
| 26/286-86 | Reiseliv | Evoka AS | 25 000 |
| 26/286-47 | Reiseliv | Stiftinga Vestnorsk Kulturakademi | 60 000 |
| 26/286-35 | Vertskapsrolla | Voss Virka AS | 150 000 |
| 26/286-79 | Vertskapsrolla og møteplassar | Voss Næringsråd | 400 000 |
| 26/286-49 | Møteplassar | Voss herad kommunalavdeling oppvekst | 200 000 |
| | | | **3 600 000** |

**Kraftfond 17.03.2026**

**Handsaming**
Endringsframlegg, foreslått av Stein Helge Mandelid, Arbeiderpartiet
Framlegg til endringar:

- Torget mat og vin AS får avslag. Ein ynskjer at kjøp av eigedom vert avklart.
- Næringsrådet får tildelt 380.000,- kr
- Voss Virka får tildelt 130.000,- kr
- Sausjord gard får 25.000,- kr
- Eivind Lorentzen Djønne får 25.000,- kr
- Grindeland Bygg får 25.000,- kr
- Bjørg Lirhus Ree får 25.000,- kr
- Stalheimsøy gard, Roald Jordalen får 25.000,- kr
- Olve Nestaas Ruud får avslag. Geit er ikkje prioritert.
- Anders Flatlandsmo, Marknadshage får tildelt 30.000,- kr

Katrine Matthiessen (H) har aksjer i Næringshagen som er søkjar og vart røysta inhabil etter fvl §6 fyrste ledd.
Stig Frode Støle (FRP) gjekk inn som vara.

Hilde Lussand Selheim (U) er gift med ein søkjar og vart røysta inhabil etter fvl §6 fyrste ledd
Aksel Gregerse (AP) gjekk inn som vara.

Rådmannen la i møte fram nytt punkt 3 i framlegg til vedtak
*3. Prosjekta under vert ikkje prioritert i år grunna avgrensa midlar. Sjå § 5 Stønadsformer for prioriteringane gjort i handsaminga av søknadane. Rådmannen rår difor til at fylgjande søknadar til Kraftfondet vert avslått:*

| Sak # | SNU | Namn | Innstilling |
|---|---|---|---|
| 26/286-13 | Biorest | Kristian Tøn | 0 |
| 26/286-73 | Landbruk | Ingvald Ingeson Århus | 0 |
| 26/286-82 | Landbruk | Fjose Gard | 0 |
| 26/286-2 | Landbruk | David Inge Tveito | 0 |
| 26/286-5 | Landbruk | Cato Bruvik | 0 |
| 26/286-61 | Landbruk | Einar Selland | 0 |
| 26/286-4 | Landbruk | Halvard Gjerald | 0 |
| 26/286-18 | Landbruk | Sondre Århus | 0 |
| 26/286-39 | Landbruk | Kjetil A Skjervheim | 0 |
| 26/286-54 | Landbruk | Gunnar Sigvald Brekkhus | 0 |
| 26/286-83 | Landbruk | Alf Kåre Naasen | 0 |
| 26/286-68 | Landbruk | Skjervheim Gard | 0 |
| 26/286-26 | Landbruk | Oddbjørn Bratthole | 0 |
| 26/286-76 | Reiseliv | Voss Spelemannslag | 0 |
| 26/286-87 | Reiseliv | Kultursmio på Olde | 0 |
| 26/286-40 | Reiseliv | Itachino AS | 0 |
| 26/286-28 | Reiseliv | Bergslien Kunstmuseum | 0 |
| 26/286-19 | Reiseliv | Vossastovo Lid | 0 |
| 26/286-41 | Reiseliv | TheEdge DA | 0 |
| 26/286-46 | Reiseliv | Samskott Fyre Gard | 0 |
| 26/286-64 | Reiseliv | Eldhuset Dale AS | 0 |
| 26/286-56 | Reiseliv | Mjølfjell Ungdomsherberg | 0 |
| 26/286-65 | Reiseliv | Frontiq AS | 0 |
| 26/286-42 | Vertskapsrolla | Hardanger og Voss Næringshage AS | 0 |
| 26/286-1 | Vertskapsrolla | Mr-Delikatesser AS | 0 |
| 26/286-6 | Vertskapsrolla | Lelora Beaty by Leila Rauda | 0 |
| 26/286-27 | Vertskapsrolla | Marita Ullestad | 0 |
| 26/286-44 | Vertskapsrolla | Helle Karlsdottir | 0 |
| 26/286-59 | Vertskapsrolla | NoLuck | 0 |
| 26/286-66 | Vertskapsrolla | Invertapro | 0 |
| 26/286-25 | Vertskapsrolla | Dampmaskin AS | 0 |
| 26/286-60 | Vertskapsrolla | Bruket Arkitektur | 0 |
| 26/286-72 | Vertskapsrolla | Fluen på veggen Flatekvål | 0 |
| 26/286-62 | Vertskapsrolla | S.B.Swimwear, Synnøve Balabanian | 0 |
| 26/286-45 | Vertskapsrolla | Frontiq AS | 0 |
| 26/286-89 | Vertskapsrolla | Bidne Mek og Sveis AS | 0 |
| 26/286-78 | Vertskapsrolla | Evoka AS | 0 |
| 26/286-43 | Vertskapsrolla | Rådgjevande ingeniør I.K. Seim | 0 |
| 26/286-36 | Vertskapsrolla | Voss Microz AS | 0 |
| 26/286-38 | Vertskapsrolla | Upnir AS | 0 |
| 26/286-22 | Vertskapsrolla | Bryn Rådgiving | 0 |
| 26/286-17 | Vertskapsrolla | Flor AS | 0 |
| 26/286-57 | Møteplassar | FAU Gullfjorddungen skule | 0 |
| 26/286-63 | Møteplassar | IL Ørnar | 0 |
| 26/286-70 | Møteplassar | Bulken Ungdomslag | 0 |
| 26/286-23 | Møteplassar | Tråstølen Ski AS | 0 |
| 26/286-21 | Møteplassar | Bjørn Engen | 0 |
| 26/286-15 | Møteplassar | Bjørn Engen | 0 |

Framlegg til endring fra alle parti framført av Stein Helge Mandelid (AP).

Fellesframlegg framsatt av Stein Helge Mandelid (AP) vart samrøystese vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med tilleggspunkt nr 3, med vedteke endringar var samrøystes vedteke.

**KRAFF - 05/26 Vedtak**

1. Kraftfondet løyver 3 600 000 kroner til tiltak i 2026.
2. Midlane vert fordelt slik:

| Sak # | SNU | Namn | Vedtak |
|---|---|---|---|
| 26/286-3 | Sauehald | Sausjord gard | 25 000 |
| 26/286-8 | Sauehald | Eivind Lorentzen Djønne | 25 000 |
| 26/286-12 | Sauehald | Kvarme Stig Øyvind | 150 000 |
| 26/286-29 | Sauehald | Grindeland Bygg | 25 000 |
| 26/286-32 | Sauehald | Rode gard | 75 000 |
| 26/286-50 | Sauehald | Brekketeigen gard v/ Endre Berge | 75 000 |
| 26/286-55 | Sauehald | HMS Sundsvoll | 25 000 |
| 26/286-58 | Sauehald | Mette Tvedt | 50 000 |
| 26/286-75 | Sauehald | Bjørg Lirhus Ree | 25 000 |
| 26/286-91 | Sauehald | Stalheimsøy gard Gard Roald Jordalen | 25 000 |
| 26/286-14 | Biorest | Kristian Tøn | 150 000 |
| 26/286-30 | Biorest | Ole Draugsvoll | 150 000 |
| 26/286-48 | Biorest | Bøjaloftet Samdrift DA | 150 000 |
| 26/286-53 | Biorest | Ole Petter Flage | 150 000 |
| 26/286-67 | Biorest | Lars Selheim | 300 000 |
| 26/286-7 | Lausdrift | Grove gard | 200 000 |
| 26/286-20 | Lausdrift | Rode Gard | 200 000 |
| 26/286-24 | Lausdrift | Stig Anders Hauge | 100 000 |
| 26/286-31 | Lausdrift | Øyvind T Berge | 200 000 |
| 26/286-34 | Lausdrift | Rode Espen | 100 000 |
| 26/286-37 | Lausdrift | Ingvar Herre | 150 000 |
| 26/286-16 | Reiseliv | Hardanger og Voss Næringshage | 200 000 |
| 26/286-50 | Reiseliv | Øyeflaten Aktivitetar | 25 000 |
| 26/286-52 | Reiseliv | Jordalen Utmarkslag | 25 000 |
| 26/286-69 | Reiseliv | Wild Voss AS | 25 000 |
| 26/286-88 | Reiseliv | Anders Flatlandsmo Marknadshage | 30 000 |
| 26/286-74 | Reiseliv | Slethaug Aktiv | 25 000 |
| 26/286-77 | Reiseliv | Nærøyfjorden Verdsarvpark sti | 25 000 |
| 26/286-80 | Reiseliv | Klyv AS | 25 000 |
| 26/286-81 | Reiseliv | Outdoor Norway AS | 25 000 |
| 26/286-84 | Reiseliv | Stiftelsen Ole Bull Akademiet | 25 000 |
| 26/286-85 | Reiseliv | Matauk AS | 25 000 |
| 26/286-86 | Reiseliv | Evoka AS | 25 000 |
| 26/286-47 | Reiseliv | Stiftinga Vestnorsk Kulturakademi | 60 000 |
| 26/286-35 | Vertskapsrolla | Voss Virka AS | 130 000 |
| 26/286-79 | Vertskapsrolla og møteplassar | Voss Næringsråd | 380 000 |
| 26/286-49 | Møteplassar | Voss herad kommunalavdeling oppvekst | 200 000 |
| | | | **3 600 000** |

3. Prosjekta under vert ikkje prioritert i år grunna avgrensa midlar. Sjå § 5 Stønadsformer for prioriteringane gjort i handsaminga av søknadane, og vert avslått:

| Sak # | SNU | Namn | Vedtak |
|---|---|---|---|
| 26/286-13 | Biorest | Kristian Tøn | 0 |
| 26/286-73 | Landbruk | Ingvald Ingeson Århus | 0 |
| 26/286-82 | Landbruk | Fjose Gard | 0 |
| 26/286-2 | Landbruk | David Inge Tveito | 0 |
| 26/286-5 | Landbruk | Cato Bruvik | 0 |
| 26/286-61 | Landbruk | Einar Selland | 0 |
| 26/286-4 | Landbruk | Halvard Gjerald | 0 |
| 26/286-18 | Landbruk | Sondre Århus | 0 |
| 26/286-39 | Landbruk | Kjetil A Skjervheim | 0 |
| 26/286-54 | Landbruk | Gunnar Sigvald Brekkhus | 0 |
| 26/286-83 | Landbruk | Alf Kåre Naasen | 0 |
| 26/286-68 | Landbruk | Skjervheim Gard | 0 |
| 26/286-26 | Landbruk | Oddbjørn Bratthole | 0 |
| 26/286-76 | Reiseliv | Voss Spelemannslag | 0 |
| 26/286-87 | Reiseliv | Kultursmio på Olde | 0 |
| 26/286-40 | Reiseliv | Itachino AS | 0 |
| 26/286-28 | Reiseliv | Bergslien Kunstmuseum | 0 |
| 26/286-19 | Reiseliv | Vossastovo Lid | 0 |
| 26/286-41 | Reiseliv | TheEdge DA | 0 |
| 26/286-46 | Reiseliv | Samskott Fyre Gard | 0 |
| 26/286-64 | Reiseliv | Eldhuset Dale AS | 0 |
| 26/286-56 | Reiseliv | Mjølfjell Ungdomsherberg | 0 |
| 26/286-65 | Reiseliv | Frontiq AS | 0 |
| 26/286-42 | Vertskapsrolla | Hardanger og Voss Næringshage AS | 0 |
| 26/286-1 | Vertskapsrolla | Mr-Delikatesser AS | 0 |
| 26/286-6 | Vertskapsrolla | Lelora Beaty by Leila Rauda | 0 |
| 26/286-27 | Vertskapsrolla | Marita Ullestad | 0 |
| 26/286-44 | Vertskapsrolla | Helle Karlsdottir | 0 |
| 26/286-59 | Vertskapsrolla | NoLuck | 0 |
| 26/286-66 | Vertskapsrolla | Invertapro | 0 |
| 26/286-25 | Vertskapsrolla | Dampmaskin AS | 0 |
| 26/286-60 | Vertskapsrolla | Bruket Arkitektur | 0 |
| 26/286-72 | Vertskapsrolla | Fluen på veggen Flatekvål | 0 |
| 26/286-62 | Vertskapsrolla | S.B.Swimwear, Synnøve Balabanian | 0 |
| 26/286-45 | Vertskapsrolla | Frontiq AS | 0 |
| 26/286-89 | Vertskapsrolla | Bidne Mek og Sveis AS | 0 |
| 26/286-78 | Vertskapsrolla | Evoka AS | 0 |
| 26/286-43 | Vertskapsrolla | Rådgjevande ingeniør I.K. Seim | 0 |
| 26/286-36 | Vertskapsrolla | Voss Microz AS | 0 |
| 26/286-38 | Vertskapsrolla | Upnir AS | 0 |
| 26/286-22 | Vertskapsrolla | Bryn Rådgiving | 0 |
| 26/286-17 | Vertskapsrolla | Flor AS | 0 |
| 26/286-57 | Møteplassar | FAU Gullfjorddungen skule | 0 |
| 26/286-63 | Møteplassar | IL Ørnar | 0 |
| 26/286-70 | Møteplassar | Bulken Ungdomslag | 0 |
| 26/286-23 | Møteplassar | Tråstølen Ski AS | 0 |
| 26/286-21 | Møteplassar | Bjørn Engen | 0 |
| 26/286-15 | Møteplassar | Bjørn Engen | 0 |
| 26/286-71 | Reiseliv | Torget mat og vin | 0 |
| 26/286-33 | Geit | Olve Nestaas Ruud | 0 |

**Samandrag**

Kraftfondet vart lyst ut i januar med søknadsfrist onsdag 11. februar 2026 kl 24.00. Innan fristen kom det inn 87 søknadar med ein samla søknadssum på 28 457 493 kroner. Desse er no handsama i tråd med fondet sine retningslinjer og årets satsingsområde som vart vedtatt av Kraftfondet 2. desember 2025. Årets budsjett er 3 600 000 kroner og heile summen er fordelt i denne søknadsrunden.

**Saksopplysingar**

Årets budsjett er 3 600 000 kroner og heile summen er fordelt i denne søknadsrunden. Sjølve søknadsdokumenta er lagt ved denne saka. Dersom ein ynskjer å sjå vedlegga som er sendt inn saman med søknadane, kan ein søkja dei opp på heradet sine heimesider på innsyn ved å søkja saksnummer 26/286 i epostlistene til heradet her: Søk - Voss herad. Det er over 700 vedlegg til saka.

Fylgjande vedtekter i Kraftfondet er av administrasjonen vurdert som svært viktige ved handsaming av søknadane:

*§ 4 Føremål*

*1. Kraftfondet skal nyttast til **næringsføremål** i Voss herad. Tiltak som er i tråd med den til ei kvar tid **gjeldande planen for næringsutvikling i Voss herad og andre relevante planar** skal prioriterast.*

*2. Kraftfondet skal også stimulera til næringsutvikling til det beste for husdyrbruket, der særleg **sauehaldet** er prioritert. Kraftfondet skal også stimulera til næringsutvikling til det **beste for landbruket***

*§ 5 Stønadsformer*

*Kraftfondet kan gje støtte til å gjennomføra større eller mindre **utviklingsprosjekt**. Eit prosjekt er **tidsavgrensa** og er **ikkje dagleg drift**. Det har klart definerte mål, tydeleg organisering, plan for gjennomføring, finansiering og venta resultat. Prosjektet skal bidra til å nå måla og vera i tråd med føremålet for ordninga. Det skal vidare vera forankra hjå søkjar og samarbeidspartnarar i prosjektet sine planar/strategiar, og i relevante kommunale planar.*

I møtet i Kraftfondet 2. desember 2025 vart det vedtatt at ved tildeling frå Kraftfondet i 2026 skal **satsingsområda frå SNU Voss i tabellen under prioriterast**.

| Vedtekter | Satsingsområde i SNU Voss | Tiltak |
|---|---|---|
| §4.1<br>§4.2 | 1: Omstilling, innovasjon og berekraft | 1.4 Sirkulære Voss<br>a. Gjødsellager/biorest<br><br>1.7 Landbruk og jordvern<br>a. Sauefjøs eller andre faste installasjonar<br>b. Lausdrift |
| §4.1 | | 1.3 Voss - eit grønt og berekraftig reisemål<br>a. Realisering av tiltak i tråd med reiselivsstrategien<br>b. Styrka besøksforvaltninga |
| §4.1 | 3: Vertskapsrolla | 3.1 Marknadsføra Voss for å tiltrekka grunderar*<br>3.2. Legga betre til rette for møter mellom investorar og verksemder<br>3.3 Nytta digital marknadsføring for å tiltrekka nye verksemder til Voss*<br><br>**omhandlar også generell rekruttering* |
| §4.1 | 4: Møteplassar | 4.3 Satsa på Vossaungdommen |

Med utgangspunkt i desse føringane har administrasjonen gjort fylgjande vurdering av søknadane:

SATSINGSOMRÅDE 1: OMSTILLING, INNOVASJON OG BEREKRAFT

<u>Sirkulære Voss: Gjødsellager/biorest</u>

Innstillinga frå administrasjonen er å fylgja opp vedtaket i Kraftfondet i 2025 om at bygging av gjødsellager/biorest skulle vera satsingsområde over ein toårsperiode. Innstillinga er at Kraftfondet løyver 900 000 kroner til gjødsellager i 2026. Administrasjonen har nytta tilsvarande satsar som ved tildelinga i 2025: Inntil 25 % av godkjende kostnadar opp til 150 000 kroner per anlegg.

Søkjar kan be om utbetaling når fylgjande dokumentasjon kan framleggast:

1. Byggeløyve
2. Signert kontrakt med biogassanlegget
3. Budsjett som syner at stønaden frå Kraftfondet tilsvarar inntil 25 % av totalkostnad.

Administrasjonen si innstilling:

| Sak # | Namn | Kva | Kostnad | Søknadssum | Innstilling |
|---|---|---|---|---|---|
| 26/286-13 | Kristian Tøn | Bygging av tak over gjødsellager | 413 400 | 130 000 | - |
| 26/286-14 | Kristian Tøn | Gjødsellager til mottak av biorest | 1 000 000 | 200 000 | 150 000 |
| 26/286-30 | Ole Draugsvoll | Tak over eksisterande 2500 m3 stor gjødselkum | 1 677 690 | 250 000 | 150 000 |
| 26/286-48 | Bøjaloftet Samdrift DA | Bygge gjødsellager for mottak av biorester | 945 600 | 200 000 | 150 000 |
| 26/286-53 | Ole Petter Flage | Etablere gjødsellager for biorest | 1 187 563 | 350 000 | 150 000 |
| 26/286-67 | Lars Selheim | Gjødsellager for biogjødsel på to gardar dei forpaktar. Ringheim og Gjerstad. | 2 400 000 | 200 000 | 300 000 |

Kommentar:
Kristian Tøn har sendt to søknadar - desse vert vurdert som ein då fondet har satt 150 000 koner som maks beløp per anlegg. For Lars Selheim er innstillinga 300 000 kroner då søknaden gjeld bygging av to anlegg.

<u>Landbruk og jordvern: Sauehald og andre faste installasjonar</u>

Innstillinga frå administrasjonen er at Kraftfondet løyver 435 000 kroner til investering i ombygging av sauefjøs og/eller andre faste installasjonar til sau i 2026. Administrasjonen har nytta samme fordelingsnøkkel som i 2025, men har justert ned løyvingane til dei med budsjett under 500 000 kroner.

Fordelingsnøkkel:

< 0,5 mNOK: 12 000 kr
0,5-1 mNOK: 25 000 kr
1-2 mNOK: 50 000 kr
2-3 mNOK: 75 000 kr
3-4 mNOK: 100 000 kr
4 mNOK <: 150 000 kr

Administrasjonen si innstilling:

| Sak # | SNU | Namn | Kva | Kostnad | Søknadssum | Innstilling |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 26/286-3 | Sauehald | Sausjord gard | Ombygging frå oksefjøs til sauefjøs | 500 000 | 250 000 | 12 000 |
| 26/286-8 | Sauehald | Eivind Lorentzen Djønne | Etablering og utviding av sauehaldet på Oksenhalvøya. Bygging av hall. | 157 819 | 100 000 | 12 000 |
| 26/286-12 | Sauehald | Kvarme Stig Øyvind | Ny driftsbygning til sau -Vetlestølen, Vestbygdi | 7 500 000 | 400 000 | 150 000 |
| 26/286-29 | Sauehald | Grindeland Bygg | Oppgradering av gammal fjos, med tanke på utviding av drift | 116 000 | 71 000 | 12 000 |
| 26/286-32 | Sauehald | Rode gard | Skal sette opp overbygg på tårnsiloar og koble det til ny driftsbygning til mjølkekyr | 2 860 000 | 750 000 | 75 000 |
| 26/286-50 | Sauehald | Brekketeigen gard v/ Endre Berge | Oppgradere driftsbygning og auke dyretal | 2 404 500 | 254 500 | 75 000 |
| 26/286-55 | Sauehald | HMS Sundsvoll | Få bygd ny driftsbyggning med plass til flere sauer | 635 000 | 300 000 | 25 000 |
| 26/286-58 | Sauehald | Mette Tvedt | Ombygging av driftsbygning | 1 230 000 | 100 000 | 50 000 |
| 26/286-75 | Sauehald | Bjørg Lirhus Ree | Auka antal sau på garden. Laga ekstra areal som kan nyttast til lembinga | 300 000 | 150 000 | 12 000 |
| 26/286-91 | Sauehald | Stalheimsøy gard Gard Roald Jordalen | Innreia eit tallefjøs som allereie er oppført. Forkasse med skille grinder | 106 112 | 50 000 | 12 000 |

Administrasjonen innstiller også på 5 000 kroner i støtte til eit leskur til geit. Søkjar har fått innvilga 25 % av totalkostnaden:

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 26/286-33 | Olve Nestaas Ruud | Flyttbart leskur til geit 13m2 som går på heilårs utegang | 20 000 | 17 500 | 5000 |

Avslag:
Det er gitt avslag til søknadar i denne kategorien på grunn av avgrensa midlar. Søknadane som har fått avslag omhandlar bygging av redskapshus, gjerding, rehabilitering av hus, hogging av tømmer og oppføring av landbrukshall til hest. Gjerder på utmarksbeite er forventa å verta eit satsingsområde når besøksstrategien er på plass. Sjå vedlegg "Innstilling Kraftfondet 2026" for utfyllande informasjon.

<u>Landbruk og jordvern: Lausdrift</u>

Innstillinga frå administrasjonen er at Kraftfondet løyver 950 000 kroner til ombygging til lausdrift i 2026. På grunn av avgrensa midlar er det berre dei som allereie har fått tilskot frå Innovasjon Noreg som er innstilt til å få stønad. Dei som får avslag i år bør søkja til neste år, eller straks dei er i gang med tiltaket.

At det er gitt stønad frå Innovasjon Noreg er ein god peikepinn for vurdering av søknadane. Bøndene som bygger om frå båsfjøs til lausdrift får inntil 5 000 000 kroner av Innovasjon Noreg. Dei andre prosjekta som er investeringar for ungdyr, oksar mm (får desse over til lausdrift, betre oppstalling etc) er ofte mindre prosjekt, men igjen så syner Innovasjon Noreg-tildelinga storleiken på prosjekt; dvs her er kostnadane gått gjennom og vurdert skikkeleg. Oversikt over tildelingar frå Innovasjon Noreg ligg som kommentar i vedlegg "Innstilling Kraftfondet 2026".

Fordelingsnøkkel:

< 1 mNOK: 25 000 kr
1-3 mNOK: 50 000 kr
3-5 mNOK: 100 000 kr
5-9 mNOK: 150 000 kr
9 mNOK <: 200 000 k

Administrasjonen si innstilling:

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 26/286-7 | Lausdrift | Grove gard | Ombygging frå bås til lausdrift | 9 961 479 | 500 000 | 200 000 |
| 26/286-20 | Lausdrift | Rode Gard | Bygge ny driftsbygging | 13 000 000 | 1 500 000 | 200 000 |
| 26/286-24 | Lausdrift | Stig Anders Hauge | Utbygging lausdrift for ku/kvige/kalv | 3 000 000 | 200 000 | 100 000 |
| 26/286-31 | Lausdrift | Øyvind T Berge | Bygging av tilbygg til driftsbygning for mjølkeproduksjon med mjølkerobot | 11 183 000 | 500 000 | 200 000 |
| 26/286-34 | Lausdrift | Rode Espen | Ny ungdyr flor med plass til alle kalvar på Raugstad med full gjødselkjellar | 4 915 175 | 1 000 000 | 100 000 |
| 26/286-37 | Lausdrift | Ingvar Herre | Ombygging fjøs til lausdrift med mjølkerobot | 6 000 000 | 500 000 | 150 000 |

Avslag:
Det er framlegg om avslag på seks søknadar på grunn av avgrensa midlar. Dei som ikkje får stønad frå Kraftfondet har heller ikkje fått stønad frå Innovasjon Noreg. Prosjekta har ikkje kome i gang og det vert oppmoda om at søkarane søkjer seinare. Sjå vedlegg "Innstilling Kraftfondet 2026" for utfyllande informasjon.

Voss - eit grønt og berekraftig reisemål

Innstillinga frå administrasjonen er å løyva 560 000 kr til satsingar som støttar opp under reiselivsstrategien og besøksforvaltning i 2026. Innstillinga frå administrasjonen er at Hardanger og Voss Næringshage AS ved Visit Voss får 200 000 kr til si chartersatsing og at det blir delt ut 12 "produktutviklingstilskot" til reiselivsaktørar som jobbar i tråd med reiselivsstrategien. Blant aktørane som får tilskot finn me satsingar innanfor aktivitet, kultur, servering, formidling, kollektivtransport osv. Sjølv om summane er låge, vil det kunna hjelpa bedrifta til å koma i gang med målretta utviklingsarbeid. Det vert oppmoda om at dei som får tilskot om å kopla seg på Visit Voss for sparring og samarbeid.

I tillegg er ein søkjar innstilt på stønad til søknad om å redusera konflikt mellom stølsliv og turisme - noko som er viktig med tanke på god besøksforvaltning. Det er også innstilt på stønad til å jobba målretta for å sikra direktesal av øl frå gardane på Voss då denne saka er inne i ein viktig fase.

Chartersatsinga
Chartersatsinga er eit viktig fellesprosjekt og eit samla reiselivsråd stiller seg bak søknaden. Prosjektet kjem svært mange bedrifter til gode - ikkje berre reiselivet. Det er eit av dei aller viktigaste enkelttiltaka for å auka trafikken til Voss i midtveke vinterstid. Samarbeidskonstellasjonen inngjekk i 2025 ein avtale med turoperatøren Inghams kor dei forplikta seg til å betala 2 450 000 kroner til charteroperasjonen over tre år. Det fyrste året bidro Voss samla med 1 250 000 kroner. Dette er store summar, og reiselivet er avhengig av å få til eit spleiselag for å handtera denne investeringa. Når ein no går inn i det andre året, så skal Voss samla bidra med 750 000 kroner. Visit Voss har difor søkt om 150 000 kroner i stønad frå Kraftfondet til finansiering av sin andel og 100 000 kroner til vidareutvikling av produkt, produksjon av Vintermagasin og informasjonsmateriell og til ressursar for å fyljga opp Inghams og satsinga på nye turoperatørar. Administrasjonen innstiller på 200 000 kroner og oppmodar Visit Voss til å omdisponera andre marknadsmidlar for å få fullfinansiert prosjektet.

Administrasjonen si innstilling:

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 26/286-16 | Reiseliv | Hardanger og Voss Næringshage | Chartersating år 2 - sikre vidareføring og gjennomført satsing | 250 000 | 250 000 | 200 000 |
| 26/286-50 | Reiseliv | Øyeflaten Aktivitetar | Reetablera drift av ei tidlegare turistverksemd som har vore ute av drift i lengre tid | 875 000 | 275 000 | 25 000 |
| 26/286-52 | Reiseliv | Jordalen Utmarkslag | Etablering av rasteplass før stølen i Slettedalen. Stølane tek ei belastning på vegne av reiselivet | 193 000 | 44 000 | 25 000 |
| 26/286-71 | Reiseliv | Torget mat og vin | Forprosjekt for utvikling av Klengestova som ein ny, heilskapleg samlingsstad på Vangen | 997 400 | 330 000 | 25 000 |
| 26/286-69 | Reiseliv | Wild Voss AS | Utvikle flerdagers konsept "patrulje Varg" mot flere ulike målgrupper | 460 100 | 150 000 | 25 000 |
| 26/286-88 | Reiseliv | Anders Flatlandsmo Marknadshage | Etablere driftsform som attraksjon og opplevingar for gjester på Flatlandsmo camping og andre turistar i bygda | 450 000 | 300 000 | 25 000 |
| 26/286-74 | Reiseliv | Slethaug Aktiv | Fellesprosjekt for overnattingsplassane i Raundalen. Løfte togbasert reiser til denne dalen | 536 640 | 464 940 | 25 000 |
| 26/286-77 | Reiseliv | Nærøyfjorden Verdsarvpark sti | Utvikle formidlingstilbod med utgangspunkt i verdsarven mot ulike målgrupper | 245 000 | 50 000 | 25 000 |
| 26/286-80 | Reiseliv | Klyv AS | Etablering av klatresenter og diverse målretta tiltak mot ulike målgrupper | 845 543 | 270 000 | 25 000 |
| 26/286-81 | Reiseliv | Outdoor Norway AS | Diverse tiltak i tråd med reiselivsstrategien (sesongutviding, kompetanse, nye segment) | 2 480 000 | 600 000 | 25 000 |
| 26/286-84 | Reiseliv | Stiftelsen Ole Bull Akademiet | Vidareutvikling av akademiet som arrangementsarena og kulturell møtestad | 544 944 | 444 944 | 25 000 |
| 26/286-85 | Reiseliv | Matauk AS | Styrkje samspelet mellom landbruket og reiselivet | 810 000 | 500 000 | 25 000 |
| 26/286-86 | Reiseliv | Evoka AS | Posisjonering av Voss som ein stad for utvikling av framtidas organisasjonar og arbeidslivspraksisar | 740 000 | 500 000 | 25 000 |
| 26/286-47 | Reiseliv | Stiftinga Vestnorsk Kulturakademi | Formålet er å oppnå politisk gjennomslag for lovleg direkte sal av gardsøl brygga med kveik frå gardane på Voss | 400 000 | 300 000 | 60 000 |

Avslag:
Ti søknadar i kategorien reiseliv er innstilt til avslag grunna avgrensa midlar. Fleire av søknadane omhandlar store infrastrukturtiltak der ei støtte frå Kraftfondet ikkje vil monna i år. Kraftfondet bør vurdera å setja av midlar til denne typen satsingar i 2027 slik at dei som får avslag i år kan søkja på nytt til neste år. Det er heller ikkje sett av midlar til Landskappleiken i 2027 - dei bør søkja igjen til neste år då arrangementet er heilt i tråd med satsinga i SNU. Sjå utfyllande informasjon om bakgrunn for avslag under og vedlegg “Innstilling Kraftfondet 2026”.

Fylgjande omhandlar infrastrukturtiltak:
Kultursmio på Olde, The Edge, Samskott Fyre Gard, Eldhuset Dale, Mjølfjell Ungdomsherberg. Sistnemnde vert oppmoda om å søkja allmennyttige midlar og er eit tiltak som bør koma med i Besøksstrategien som er under utarbeiding.

Bergslien Kunstmuseum:
Fekk midlar i fjor, ikkje prioritert i år.

Itachino:
Skal jobba med å verta ein meir grøn restaurant og matsvinn. Søkjar bør ta kontakt med Etablerarlos ordninga til Hardanger og Voss Næringshage. Sjå utfyllande informasjon om ordninga under avslag til “vertksapsrolla”.

Frontiq AS:
Selskapet har i lengre tid gått i bresjen for å få etablert ei medieklynge på Voss. Næringssjefen har jobba tett med selskapet og dei andre aktørane i prosessen. Prosjektet vart presentert til Innovasjon Noreg vinteren 2026. Innstillinga frå administrasjonen er å spissa prosjektet ytterlegare og oppretta kontakt med Visit Voss og Media City Bergen før ev. ny søknad. Viktig prosjekt med stort potensiale.

Vossastovo Lid
Søknaden omhandlar vidareutvikling av ein hybrid utleige- og forvaltningsmodell for utleige av eigedom. Søknaden er godt gjennomarbeida og søkaren har stor gjennomføringskraft. Søknaden får avslag då det er forventa ei innstramming av reglane for kortidsutleige nasjonalt. Regelverk og besøksstrategien bør vera på plass før søkar eventuelt får støtte seinare.

Kommentar:
Det er ikkje avgjerande for avslaget om søknaden har vorte vurdert i kategorien “reiseliv” eller “vertskapsrolla”.

SATSINGSOMRÅDE 3 I SNU: VERTSKAPSROLLA

Innstillinga frå administrasjonen er å løyva 550 000 kroner til satsingar i kategorien “vertskapsrolla”. Det eine prosjektet omfattar også kategorien “møteplassar”, men er lista her.

Innstillinga er at Voss Næringsråd får 400 000 kroner til ei storstilt satsing som er heilt i tråd med SNU og årets utlysing. Prosjektet er forankra i næringa via Næringsrådet og sikrar også ei kopling til det offentlege via samarbeid med heradet og NAV. Aktørane har rett og slett klart å rigga eit storstilt fellesprosjekt som tek tak i ei av hovudutfordringane for næringslivet og offentleg sektor på Voss: rekruttering.

Målet med satsinga er å styrka rekruttering og tilknyting til arbeidslivet på Voss gjennom samordna marknadsføring, etablering av møteplassar og samarbeid mellom næringsliv og offentleg sektor. Satsinga skal bidra til å synleggjera moglegheitene på Voss, styrkje dialogen med næringslivet og auke tilknytinga mellom ungdom, studentar og heimstad.

Tiltak:
1) Felles marknadsføring gjennom Vi Kallar (omhandlar ledige jobbar, ledige kontor, ledige lokale, etc)
2) Messedeltaking og synlegggjering av moglegheitene på Voss
3) Kick-off for næringslivet og kompetansetiltak for betre rekruttering. For leiarar og beslutningstakarar i både privat og offentleg sektor.
4) Etablera den årlege, strategiske, møteplassen for næringslivet, jf SNU.
5) Få på plass årleg arrangement for 9. klasse for å synleggjera moglegheitene på Voss før dei vel vidaregåande.
6) Flytt heimatt arrangement og arrangement for besøkande på festivalar for å legga til rette for betre rekruttering.

Vidare er innstillinga at Voss Virka får 150 000 kroner til satsinga “Etablera eit gründerfelleskap for gründerar og verksemder i sirkulær og bioøkonomi på Bjørke”. Dette er eit viktig prosjekt for å få til nyetableringar på Bjørke og ei tildeling vil kunne utløyse meir midlar regionalt og nasjonalt. På grunn av avgrensa midlar er det ikkje budsjett til å støtta heilskapen i prosjektet, men i tråd med årets spissing innstiller administrasjonen på støtte til fylgjande tiltak i prosjektplanen: “etablera eit gründerfellesskap i tilknytning til satsinga på Bjørke” (prøveopphald, etc) og “gjennomføra ein Hackathon/gründer-camp med utgangspunkt i problemstillingane knytta til bioparken”. Det er forventa av stønaden vil utløysa meir eksterne midlar.

Administrasjonen si innstilling:

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 26/286-35 | Vertskapsrolla | Voss Virka AS | Etablera eit gründerfelleskap for gründerar og verksemder i sirkulær og bioøkonomi | 900 000 | 450 000 | 150 000 |
| 26/286-79 | Vertskapsrolla og møteplassar | Voss Næringsråd | Stort fellesprosjekt knytt til rekruttering/tilflytting og nyetablering på Voss. Samordna marknadsføring og etablering av møteplassar for ungdom gjennom året. | 650 000 | 400 000 | 400 000 |

Avslag:
19 søknadar er innstillt til avslag i denne kategorien på grunn av avgrensa midlar. Nokre søknadar omhandlar store og viktige infrastruktur- og skaleringstiltak. Dette gjeld eksempelvis selskapa Bidne Mek og Sveis AS og Flor AS. Kraftfondet bør difor vurdera å setja av midlar til denne typen satsing i 2027 slik at dei som får avslag i år kan søkja på nytt til neste år. Ei løysing kan vera å sjå til fordelingsnøklane som er etablerte for landbruket ved årets tildeling.

I denne kategorien har dei som er innstilt til avslag andre moglegheiter for å få støtte/hjelp vidare i prosessen. Her er ei kort oversikt:

Hardanger- Voss fondet og Innovasjon Norge
Nokre av søknadane er frå aktørar som allereie er innstilt på midlar frå Hardanger-Voss fondet og/eller har fått eller ligg an til å få midlar frå Innovasjon Noreg. Det er også aktørar som har fått avslag frå Kraftfondet som kan vurdera å senda inn ein førespurnad til fondet for vurdering. Les meir her: Home Page

Etablerarlos
Søkjarar som er i ein tidleg fase og som får avslag bør jobba vidare med ideen eller konseptet sitt og ta kontakt med Etablerarlos-ordninga til Hardanger og Voss Næringshage for sparring, hjelp med konkretisering og eventuelt søknad om midlar. Voss herad støttar næringshagen med 300 000 kroner i året for å sikra at grûnderar skal få hjelp til akkurat dette. Dei er orientert om at søkjarar frå Kraftfondet vil verta oppmoda om å ta kontakt. Ein kan ta kontakt med næringshagen her: Gründer – Hardanger og Voss Næringshage eller på e-post til koordinator Lilly-Anne Selland på lilly@hardangervoss.no.

Vestland Fylkeskommune
Prosjekt som fell innanfor utlysinga "Berekraftig verdiskaping 2026" vil verta fulgt opp frå administrasjonen. Dette omhandlar spesielt geotermisk energiutvikling og Attbrukhuset, men andre kan også vera aktuelle. Meir informasjon her: Tilskot til berekraftig verdiskaping 2026 - Vestland fylkeskommune

Sjå utfyllande informasjon i vedlegg "Innstilling Kraftfondet 2026".

Kommentar:
Det er ikkje avgjerande for avslaget om søknaden har vore vurdert i kategorien "reiseliv" eller "vertskapsrolla".

SATSINGSOMRÅDE 4 I SNU: MØTEPLASSAR

Innstillinga frå administrasjonen er å løyva 200 000 kroner til ei satsing i kategorien "møteplassar" og "satsa på Vossaungdommen".

Innstillinga frå administrasjonen er at Voss herad, kommunalavdeling oppvekst får 200 000 kr til prosjektet "FIRST Lego League" (FLL). FLL er verdas største kunnskaps- og teknologikonkurranse for born og unge i alderen 6 -16 år. FLL inspirerer og engasjerer born og unge til å verta framtidas ingeniørar, forskarar og problemløysarar - og erfaringa frå andre regionar syner at det kan etablerast eit framifrå samarbeid mellom næringslivet og skule.

Prosjektgruppa på Voss er breitt samansett og har erfaring frå deltaking med klassar frå Voss i Odda. Odda har svært god erfaring med satsinga og det er etablert tett dialog med grupperinga på Voss og organisasjonen i Hardanger. Ved å gje støtte til etablering av FLL på Voss i år kjem satsinga i gang på Voss frå hausten av. Prosjektorganisasjonen er på plass og allereie no har 10 av 11 grunnskular sagt at dei ynskjer å delta på dette 8-vekers opplegget kvar haust. Målet er at næringslivet og andre allmennyttige midlar skal sikra ei langsiktig finansering av satsinga.

Det viktigaste målet med prosjektet er å styrka framtidig verdiskaping og rekruttering til lokalt næringsliv gjennom å utvikla teknologi- og innovasjonskompetanse hjå barn og ungdom på Voss. Prosjektet skal skapa ein strukturert modell for samarbeid mellom skule og næringsliv, der elevar får arbeida med reelle problemstillingar knytt til teknologi, berekraft og entreprenørskap. Slik skal fleire unge velja realfaglege og tekniske utdanningsløp, og fleire skal ynskja å bu og arbeida i Voss i framtida.

Les meir: Hjernekraft og Hjernekraft | Ullensvang

Administrasjonen si innstilling:

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 26/286-49 | Møteplassar | Voss herad kommunalavdeling oppvekst | Etablera og utvikla ei varig og koordinert satsing på First Lego League og teknologibasert læring i samarbeid med skular og næringsliv. Skal sikra framtidig kunnskap og rekruttering. | 286 000 | 200 000 | 200 000 |

Avslag:

6 søknadar er innstilt til avslag i denne kategorien på grunn av avgrensa midlar. Dei fleste av søknadane omhandlar tiltak som ikkje er i tråd med satsinga på ungdom slik den er vist i SNU. Sjå vedlegg "Innstilling Kraftfondet 2026" for utfyllande informasjon.

**Tilleggsopplysningar til søkjar:**

1. Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28. Mogleg klage må setjast fram skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at søkjar har fått melding om vedtaket, jfr. forvaltningslova § 29.

2. Søkjar kan be om utbetaling når oversikt over eigeninnsats og kostnadar kan framleggast. Søkjar må fylla ut eit eige skjema for Kraftfondet for å be om utbetaling. I skjema skal søkjar referera til dokumentnummer som synt i tabell under.

3. Tilskot som ikkje vert nytta innan 3 år går tilbake til fondet.

4. Dersom søkjar ikkje har søkt om utbetaling innan eitt år etter at løyvinga er tildelt, må søkjar levera inn ein statusrapport for tiltaket med referanse til dokumentnummer.

5. Spesifikke krav for å få utbetalt tilskot til biorest. Tilskot kan utbetalast når fylgjande kan framleggast:

    a. Byggeløyve
    b. Signert kontrakt med biogassanlegget
    c. Budsjett som syner at stønaden frå Kraftfondet tilsvarar inntil 25 % av totalkostnad

Vedlegg
Innstilling Kraftfondet 2026
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - Stalheimsøy Gard Roald Jordalen
revidert søknad kraftfondet_Klyv AS
Retting - søknadstekst - søknad om midlar frå kraftfondet 2026 - sak 26/286-80 - KLYV AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - KLYV AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - BIDNE MEK & SVEIS AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - ANDERS FLATLANDSMO MARKNADSHAGE
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - KULTURSMIO PÅ OLDE
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - EVOKA AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - MATAUK AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - ALF KÅRE NAASEN
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - FJOSE GARD Fredrik Skaarer Fjose
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - OUTDOOR NORWAY AS
Søknad om midlar frå Kraftondet 2026 - VOSS NÆRINGSRÅD
Voss Næringsråd_prosjektplan
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - EVOKA AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK STI
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - VOSS SPELEMANNSLAG
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - BJØRG LIRHUS REE
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - SLETHAUG AKTIV

Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - INGVALD INGESON ÅRHUS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - FLUENPÅVEGGEN FLATEKVÅL
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - TORGET MAT OG VIN AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - BULKEN UNGDOMSLAG
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - WILD VOSS AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - SKJERVHEIM GARD
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - LARS SELHEIM
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - INVERTAPRO AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - FRONTIQ AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - ELDHUSET DALE AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - IL ØRNAR
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - S.B.SWIMWEAR, SYNNØVE BALABANIAN
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - EINAR SELLAND
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - BRUKET ARKITEKTUR AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - NoLuck
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - METTE TVEDT
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - FAU GULLFJORDUNGEN SKULE
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - MJØLFJELL UNGDOMSHERBERGE AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - HMS SUNDSVOLL
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - GUNNAR SIGVALD BREKKHUS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - OLE PETTER FLAGE
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - JORDALEN UTMARKSLAG
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - ØYEFLATEN AKTIVITETAR
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - BREKKETEIGEN GARD V/ENDRE BERGE
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - VOSS HERAD KOMMUNALAVDELING OPPVEKST
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - BØJALOFTET SAMDRIFT DA
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - STIFTINGA VESTNORSK KULTURAKADEMI
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - SAMSKOTT FYRE GARD
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - FRONTIQ AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - HELLE KARLSDOTTIR
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - RÅDGJEVENDE INGENIØR I. K. SEIM
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - HARDANGER OG VOSS NÆRINGSHAGE AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - THEEDGE DA
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - ITACHINO AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - KJETIL A SKJERVHEIM
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - UPNIR AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - INGVAR HERRE
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - VOSS MICROZ AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - VOSS VIRKA AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - RODE ESPEN
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - OLVE NESTAAS RUUD
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - RODE GARD
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - ØYVIND T BERGE
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - OLE DRAUGSVOLL
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - GRINDELAND BYGG
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - BERGSLIEN KUNSTMUSEUM
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - MARITA ULLESTAD
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - ODDBJØRN BRATTHOLE
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - DAMPMASKIN AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - STIG ANDERS HAUGE
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - TRÅSTØLEN SKI AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - BRYN RÅDGIVNING

kraftfondet_søknadstekst_februar_2026_-_christian_
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - BJØRN ENGEN
“inn på tunet” program for sælid gard
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - RODE GARD
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - VOSSASTOVO LID
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - SONDRE ÅRHUS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - FLOR AS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - HARDANGER OG VOSS NÆRINGSHAGE AS
chartersatsing_prosjektarbeid_per_15
søknad_til_kraftfondet_chartersatsing_2026
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - BJØRN ENGEN
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - KRISTIAN TØN
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - KRISTIAN TØN
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - KVARME STIG ØYVIND
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - EIVIND LORENTZEN DJØNNE
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - GROVE GARD
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - LELORA BEAUTY BY LEILA RAUDA
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - CATO BRUVIK
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - HALVARD GJERALD
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - SAUSJORD GARD V/NORUNN G. TOLÅS
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - DAVID INGE TVEITO
Søknad om midlar frå Kraftfondet 2026 - MR-DELIKATESSER AS